

# Forprosjekt Velferdsteknologi i Vest-Telemark

Eit samarbeid mellom kommunane Fyresdal,  
Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje



Forord .....	3
Definisjon og avgrensing .....	4
Forventa befolkningsframskriving .....	4
Prosjekt mål .....	5
Resultatmål .....	5
Effekt mål .....	5
Nå-situasjonen .....	5
Organisering av nettverk og samarbeid innan velferdsteknologi .....	5
SWOT-analyse .....	6
Prosjektskildring .....	6
Strategiar for måloppnåing – tiltak og metodikk .....	7
Helsetenester/ fag og personell .....	7
IKT-system og drift .....	8
Økonomi .....	9
Kritiske suksessfaktorar .....	9
Indre og ytre påverknad i prosjektperioden .....	9
Prosjektorganisering .....	10
Resursbruk i prosjektperioden .....	10
Utgifter .....	10
Finansiering .....	10
Framdriftsplan .....	10
Oppsummering .....	11
Konklusjon og tilråding .....	11

### Forord

Planen for arbeidet med forprosjektet er godkjent av overordna samarbeidsutval mellom STHF og kommunane i Vest-Telemark i møte 14. september 2018.

Hensikta med forprosjektet er å vurdere grunnlaget for eit hovudprosjekt med felles satsing på velferdsteknologi i Vest-Telemark. Nasjonale føringar og forventa framtidsbilde tilseier at spørsmålet er ikkje *om* kommunane skal satse på velferdsteknologi, men *korleis* dette best kan realiserast i Vest-Telemark.

Tre arbeidsgrupper, sett saman på tvers av kommunane, men frå same fagområde har jobba fram SWOT-analysar innan områda helsefag, IKT, drift og økonomi. Desse SWOT-analysane har danna grunnlaget for å utarbeide strategiar og tiltak for å nå målsetjinga om at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenestene i Vest-Telemark.

Gruppene har hatt to samlingar og vore nyttige bidragsytarar inn i arbeidet med forprosjektet. Kommunalsjefane har vore med i arbeidsgruppene, i tillegg til å koma med overordna vurderingar med fokus på organisasjonsutvikling (kultur, kompetanse og personell).

Samarbeidsutvalet mellom STHF og kommunane har vore referansegruppe og har hatt høve til å koma med innspel både før og under arbeide.

Forprosjektet vert lagt fram for rådmannsutvalet i møte 19. desember 2018.

Takk til arbeidsgruppene for nyttige innspel til forprosjektet!

Kari Gro Espeland

Samhandlingskoordinator

STHF og kommunane i Vest-Telemark

## Definisjon og avgrensing

Velferdsteknologi kan enkelt definerast som teknologiske løysingar som medverkar til å auke eigenmeistring, tryggleik og livskvalitet i kvardagen. Teknologiske løysingar som i einskild tilfelle kan erstatte eller utsetje behovet for tradisjonelle pleie –og omsorgstenester, eller som i mange tilfelle kjem i tillegg til desse tenestene.

Fygjande definisjonen er henta frå NOU 2011:11 «Innovasjon i omsorg»:

*«Med velferdsteknologi menes først og fremst teknologisk assistanse som bidrar til økt trygghet, sikkerhet, sosial deltakelse, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkeltes evne til å klare seg selv i hverdagen til tross for sykdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørende og ellers bidra til å forbedre tilgjengelighet, ressursutnyttelse og kvalitet på tjenestetilbudet. Velferdsteknologiske løsninger kan i mange tilfeller forebygge behov for tjenester eller innleggelse i institusjon».*

Velferdsteknologi vert i dette forprosjektet avgrensa til å omfatte

- Varslings og lokaliseringsteknologi (tryggleiksalarmar og GPS)
- Digitale tilsyn (passiv varslingssteknologi)
- Elektronisk medisineringsstøtte
- Elektroniske dørlåsar
- Teknologiske løysingar knytt til sjukesignalanlegg

## Forventa befolkningsframskriving

Fylgjande tabell syner forventa framskriving av alderssamansetninga/eldre over 67 år i perioden 2018 til 2040:

Kommune	Aldersgrupper	2018	2020	2025	2035	2040
Seljord	67 til 79 år	415	458	489	471	476
	80 til 89 år	127	135	166	267	272
	90 år eller eldre	36	30	34	55	73
Kviteseid	67 til 79 år	316	345	411	471	484
	80 til 89 år	119	126	128	210	225
	90 år eller eldre	28	27	32	37	56
Nissedal	67 til 79 år	193	220	234	258	282
	80 til 89 år	60	62	77	122	132
	90 år eller eldre	19	18	11	21	32
Fyresdal	67 til 79 år	178	188	203	229	238
	80 til 89 år	53	56	74	100	117
	90 år eller eldre	11	13	10	21	30
Tokke	67 til 79 år	292	307	350	414	405
	80 til 89 år	102	115	126	188	225
	90 år eller eldre	33	28	24	34	46

		2018	2020	2025	2035	2040
Vinje	67 til 79 år	498	506	574	611	661
	80 til 89 år	156	163	201	296	310
	90 år eller eldre	37	31	34	53	76
Vest-Telemark	67 til 79 år	1892	2024	2261	2454	2546
	80 til 89 år	617	657	772	1183	1281
	90 år eller eldre	164	147	145	221	313

Velferdsteknologi vil vera eit av fleire tiltak for å møte dei utfordringar som ein må forvente at befolkningsframskrivinga for Vest-Telemark vil føre med seg. For at teknologien skal gje best mogeleg resultat, må den tilpassast og bli ein integrert del av det samle tenestetilbodet i kommunane.

## Prosjektmål

### Resultatmål

**Velferdsteknologi er ein integrert del av tenestetilbodet i Vest-Telemark.**

Dette inneber i praksis at tenestekontora i Vest-Telemark skal ha tilgang på velferdsteknologi, kartleggingsverktøy og retningsliner for tildeling av velferdsteknologi, slik at velferdsteknologi vert vurdert og tildelt innbyggjarane på lik linje med ordinære pleie og omsorgstenester.

### Effektmål

- Auka grad av sjølvstende og eigenmeisring hjå pasientane
- Utsett behov for kommunale tenester/ institusjonsopphald
- Effektiv og rett bruk av kompetanse

Effektmåla vil bli utgreidd i eit hovudprosjekt gjennom kartlegging av gevinstrealisering. Det vil vera aktuelt å nytte PA Consulting sin modell for å kartlegge gevinstrealisering lokalt. Nasjonalt er det utarbeid to rapportar om gevinstrealisering, sist i 2017 (IS-2557 Andre gevinstrealiseringsrapport med anbefalinger). Her vert gevinstrealisering delt inn i hovudkategoriane auka kvalitet, spart tid og unngått kostnader.

## Nå-situasjonen

### Organisering av nettverk og samarbeid innan velferdsteknologi

Kommunane i Vest-Telemark er med i Kompetansenettverket i Telemark og Velferdsteknologiprojektet i Vestfold og Telemark. Kompetansenettverket har som oppgåve å heve kompetansenivået i kommunane og sette alle betre i stand til å møte utfordringane kommunane står overfor når det gjeld bruk av velferdsteknologi. Utviklingssentret for sykehjem og hjemmetjenester i Telemark er koordinator og sekretariat for nettverket.

Velferdsteknologiprojektet i Vestfold og Telemark er med i Nasjonalt program for velferdsteknologi, med Skien kommune som eigar av projektet. I tillegg til kompetanseheving har

prosjektet som mål å medverke til implementering av GPS og digitale tilsyn og gjennomføre offentlig anskaffing av tryggleiksalarmer. Kommunane i Vest-Telemark er med i innkjøpssamarbeidet som gjeld tryggleiksalarmer, denne anskaffinga vart avslutta i oktober 2018 med DoroCare AS som vinnar av anbodet.

I tillegg til dette har Vest-Telemark eit eige nettverk som i 2018 har fått støtte av Fylkesmannen til å gjennomføre prosjektet Læring over kommunegrensar. Kommunane har prøva ut og delt erfaring med elektronisk medisineringsstøtte, GPS/ vandrealarm, fagsystemet Mobil Omsorg på iPad og tryggleiksalarmer i område utan mobil dekning.

### SWOT-analyse

I arbeidet med kartlegging av nå-situasjonen, har arbeidsgruppene kome fram til fylgjande hovudområde som vil kunne ha betydning for satsing på velferdsteknologi i Vest-Telemark:

Positive faktorar/ moglegheiter:

- Nasjonalt satsingsområde/ tilskotsmiddlar
- Felles innkjøpssamarbeid på tryggleiksskapande velferdsteknologi
- Moglegheit til å nytte felles responssenter
- Kompetanseheving/ erfaringsdeling gjennom etablerte nettverk
- Erfaring lokalt gjennom utprøving både av GPS og elektronisk medisineringsstøtte
- Godt samarbeid innan helse og IKT
- Felles fagsystem
- Utsifting frå stasjonære til mobile tryggleiksalarmer er i gang
- Fleire ny-bygg som er tilrettelagt for velferdsteknologi
- Forventingar frå innbyggjarane (pasientar og på rørande)

Negative faktorar/ utfordringar:

- Store investerings og driftskostnader
- Rask teknologisk utvikling/ nye investeringar
- Lovverk som avgrensar høve til å ta brukarbetaling
- Vanskeleg å dimensjonerer/ uavklart behov/ omfang
- Stort opplæringsbehov
- Skepsis/ manglande tillit til teknologi
- Nye arbeidsmåtar utfordrar endringsvilje
- Kommunane manglar ressursar til å drive prosessen og implementeringsarbeide
- Manglar kartleggingsverktøy og internkontrollsystem for bruk av velferdsteknologi
- Manglande integrasjon mellom velferdsteknologi og fagsystem
- Ulike føresetnadar i kommunane
- Dårleg eller ingen dekning
- Straumbrot

### Prosjektskildring

Resultatet av arbeidet med SWOT-analyse er lagt til grunn for prioritering av strategiar og tiltak ved innføring av velferdsteknologi som eit felles prosjekt i Vest-Telemark. Det er lagt vekt på å

utnytte dei styrker og mogelegheiter som finns, og finne gode løysingar for å handtere svakheiter og utfordringar både internt og eksternt.

### Strategiar for måloppnåing – tiltak og metodikk

Arbeidet med forprosjektet er systematisert i desse hovudbolkane, for å sikre at sentrale område vert belyst;

- Helsetenester/ fag og personell
- IKT system og drift
- Økonomi

Forprosjektet legg vekt på kva som må gjerast innan dei ulike områda for å nå målsetjinga om at velferdsteknologi (VFT) skal vera ein integrert del av tenestetilbodet i Vest-Telemark. Innan kvart av dei aktuelle områda vert det gjeve ei generell omtale av gevinstrealisering.

### Helsetenester/ fag og personell

Dette område omfattar både helsefag og personell, dvs. tildeling og utøving av tenester, samt utvikling av kompetanse hjå tilsette og brukarar. Brukarperspektivet blir omtalt under punktet om gevinstrealisering

Behov	Tiltak	Vest-Telemark	Kommunevis
Kartleggingsverktøy i f.h.t. tildeling av velferdsteknologi	Ta i bruke verktøy som er utvikla gjennom KS med ev. lokal tilpassing	Felles kompetanseheving på tenestekontora/ erfaringsdeling	Praktisk øving/ implementering
System for kvalitetssikring av tenestene, inkl. personvern	Ta i bruk og tilpasse verktøy som er utvikla	Felles opplæring på leiarnivå/ fagansvarleg. Erfaringsdeling.	Utprøving og iverksetjing. Formelt ansvarleg.
Tillit til teknologien	Informasjon/ utprøving	Erfaringsdeling på tilsette -og brukarnivå	Sette VFT på dagsorden og bruke ulike kommunikasjonskanalar
VFT i planarbeid (IKT-plan, kompetanseplan, VFT-plan)	Bruke gode malar og dele erfaring, samstundes sikre forankring og deltaking	Felles struktur for planarbeid	Forankring og implementering av planarbeidet/ iverksetjing.
Tilgang på velferdsteknologi (VFT) når behovet er der	Interkommunalt samarbeid/ felles avtale om leige eller ev. innkjøp til felles "VFT-bank" i Vest-Telemark	Avtale om administrering og vedlikehald av VFT-banken (dersom eige og ikkje leige)	Tildeling og kostnadsfordeling etter vedtatt modell/ inngått avtale (ved ev. felles "VFT-bank")

Som det går fram av matrisa, vil det innan tenesteutvikling og kompetanseheving vera mykje å hente på eit interkommunalt samarbeid. Det er viktig å sikre tilgang både på utstyr og kompetanse, noko som kan vera utfordrande å få til for den einkilde kommune. Nokre av områda som må utgreiast, til dømes verktøy for kartlegging og kvalitetssikring, vil med fordel kunne

organiserast som delprosjekt. Eit hovudprosjekt bør vurdere fordelar og ulemper ved å leige versus å eige, og vurdere korleis samarbeidet i Vest-Telemark bør organiserast etter at hovudprosjektet er avslutta.

### **Gevinstrealisering:**

Bruk av velferdsteknologi vil kunne gje brukarane auka livskvalitet og i større grad mogelegheit til å leve eit sjølvstendig liv. VFT vil kunne gje auka tryggleik for pasient og pårørande og vera ei kvalitetssikring av tenestene.

VFT vil i periodar kunne kompensere for andre kommunale tenester, både heimesjukepleie og institusjonsplass. VFT vil såleis redusere behovet for plassar med heildøgns omsorg, frigjera tid i heimetenesta og medverke til hensiktsmessig bruk av kompetanse.

### **IKT-system og drift**

Dette område består både av tekniske løysingar og av praktisk oppfølging i form av montering, drift og vedlikehald.

Behov	Tiltak	Vest-Telemark	Kommunevis
Sikre tenestene ved systemsvikt	Kartlegge risiko og sårbarhet ved systemsvikt/straumbrot og utarbeide plan for beredskap	Felles kartlegging og plan for beredskap	Forankring, implementering og formelt ansvar
Ustabil/ ingen dekning	Bruke erfaringar frå Tokke med bruk av Radiolink	Felles jobbing for utbygging av mobildekning og breiband	
Teknisk kompetanse	Felles løysingar/lik type VFT. Sikrar kompetanse på tvers av kommunegrensar	Mogeleg felles VFT-vaktmeistertenester/beredskap på tvers av kommunegrensar	Internopplæring i heimetenesta/vaktmeistertenesta til å ivareta dagleg drift

God intern fiber mellom kommunane gjer at det ligg godt til rette for interkommunalt samarbeid. Organisering av IKT-tenestane med to fagmiljø i Vest-Telemark, gjer samarbeidet relativt oversiktleg.

Felles fagsystem innan pleie –og omsorg er ein stor fordel når det gjeld å utnytte kompetanse interkommunal, og er eit godt utgangspunkt for felles opplæring og felles bruk av systemansvarlege i kommunane.

Det er behov for standardisering og integrasjon mellom velferdsteknologi og fagsystem, dette er i liten grad på plass, og mangel på integrasjon medfører tungvinte rutinar t.d. når det gjeld dokumentasjon. Dette er eit område som det vert jobba med på nasjonalt nivå, og fram til dette er på plass må kommunane nytte manuelle løysingar.

### **Gevinstrealisering:**

Arenaer for erfaringsdeling medverkar til god utnyttig av teknologi og system, og vil kunne frigjera tid og ressursar. Samarbeid om kartlegging av risiko og sårbarheit og felles beredskapsplan vil sikre tilgang på ressursar når behovet oppstår.



## Økonomi

Behov	Tiltak	Vest-Telemark	Kommunevis
Ressursar til gjennomføring av hovudprosjekt.	Til politisk handsaming i den einsskilde kommune. Forankring i Vest-Telemarkrådet	Eit felles prosjekt vil vera effektivt i f.h.t. ressursbruk og gje grunnlag for delfinansiering frå Vest-Telemarkrådet	Arbeidsinnsats/ deltaking i styringsgruppe og prosjektgrupper. Innkjøp eller leige av VFT
Tilgang på ekstern finansiering	Søke nasjonale finansieringsordningar	Felles søknad frå Vest-Telemark	Ev. kommunevise søknader
Felles innkjøp eller leigeavtaler	Samarbeide om val av leverandør og produkt (VFT)	Nytte eksisterande samarbeid og avtaler	Sikre at ulike behov i kommunane blir i varetatt
Avklare framtidige kostnader til investering og drift	Nytte felles kostnadsnøkkel for berekning av utgifter	Ev kostnadsdeling etter avtale	Budsjettere med kostnader til investering og drift

Hovudprosjektet må ha fokus på økonomi ved både investering og drift, og synleggjera kostnadene ved å få på plass kunnskap om og tillit til nye arbeidsmetodar. Gevinstrealisering må leggjast til grunn for berekningane, så vel som behovet for vedlikehald og drift av tekniske løysingar.

### Gevinstrealisering:

Velferdsteknologi vil kunne medverke til å bremse veksten i kommunale pleie og omsorgstenester meir enn å redusere kostnadene frå dagens nivå. Denne vurderinga byggjer mellom anna på befolkningsframskrivinga av aldersgruppa 67+ i Vest-Telemark.

### Kritiske suksessfaktorar

Desse faktorane vil vera avgjerande for å lykkas med eit hovudprosjekt:

- Politisk forankring og økonomisk forplikting både i Vest-Telemarkrådet og i den einsskilde kommune
- Tilstreккеleg ressurs til prosjektleiing (organisering og gjennomføring)
- Tilstreккеleg ressursar til tenesteutvikling i den einsskilde kommune
- Tilstreккеleg tid til involvering av tilsette/ ta i bruk tilsette sin kompetanse
- Informasjon og dialog med brukarar
- Jamleg dialog mellom prosjekteigar/ styringsgruppe og prosjektansvarleg/ prosjektleiar

### Indre og ytre påverknad i prosjektperioden

Forprosjektet har lagt nå-situasjonen til grunn for hovudprosjektet, og avgrensingar og tilrådingar er gjort ut i frå kjende faktorar. Prosjektplanen må ikkje vera meir bindande enn at det er rom for justeringar og tilpassingar i tråd med endringar i nasjonale føringar eller i lokale tilhøve.

Tilhøve som har innverknad på dei tidsmessige og økonomiske rammene som er vedtatt for prosjektet må drøftas med prosjekteigar og styringsgruppe.

## Prosjektorganisering

Framlegg til prosjektorganisering byggjer på PLP-metoden (ProsjektLederProsessen), og utgjør ei ramme for arbeidet. Prosjektet vil ha to parallelle løp, eit felles for alle kommunane og eit i kvar kommune.

Prosjektansvarleg vil ha overordna ansvar for framdrift og resultat i dialog med prosjekteigar og styringsgruppe. Prosjektleder vil ha operativt ansvar for gjennomføring av prosjektet både i Vest-Telemark og kommunevis. Til denne funksjonen bør det engasjerast ein person i 100% stilling i ein 2-årsperiode, tilsett i ein av kommunane eller med Vest-Telemarkrådet som arbeidsgjevar.

Det vil vera behov for fleire prosjektgrupper, som må organiserast etter at prosjektet er oppretta. Omfang og samansetning av prosjektgruppene vil mellom anna vera avhengig av kva for og kor mange delprosjektet som blir etablert. Prosjektgruppene må organiserast slik, at det sikrar bruk av kompetanse og involvering av tilsette i kommunane.

Styringsgruppa i "fellesprosjektet" bør ha regelmessige møte for å vera oppdatert på framdrift, ta naudsynte avgjerder og gje råd til prosjektansvarleg og prosjektleder.

Referansegruppene vil bli nytta for å gje råd undervegs i prosjektet, men utan formell mynde.

Roller i prosjektet	Felles i Vest-Telemark	Kommunevis
<b>Prosjekteigar (PE)</b>	Rådmannsutvalet	Rådmannen
<b>Prosjektansvarleg (PA)</b>	Samhandlingskoordinator	Kommunalsjef (eller tilsvarande)
<b>Styringsgruppe (SG)</b>	Rådmenn og kommunalsjefar (eller tilsvarande)	Avgjerast av kommunen
<b>Prosjektleder (PL)</b>	Operativ leiar/ 2-årig prosjektstilling	Operativ leiar/ 2-årig prosjektstilling
<b>Prosjektgrupper (PG)</b>	Vert sett saman etter behov	Vert sett saman etter behov
<b>Referansegruppe (RG)</b>	Tilsette/ vernetenesta/ tillitsvalde, brukarrepresentantar	Tilsette/ vernetenesta/ tillitsvalde, brukarrepresentantar

## Resursbruk i prosjektperioden

### Utgifter

Prosjektleder (lønn og drift)	kr 2 000 000
Ekstra lønskostnader/ vikarutgifter i kommunane	kr 600 000
Medgått arbeidstid i kommunane	kr 1 900 000

### Finansiering

Vest-Telemarkrådet	kr 2 000 000
Kommunane/ bruk av prosjektmiddlar VFT-prosjektet	kr 600 000
Lønnsmiddlar i kommunane	kr 1 900 000

## Framdriftsplan

Framdriftsplanen bør ha ein varighet på to år, frå det tidspunktet prosjektleder vert tilsett.

Planen må utarbeidast av prosjektleder i samråd med prosjektansvarleg og godkjennast av prosjekteigar og styringsgruppe. Planen skal innehalde tidpunkt for viktige delmål, aktivitetar og

avgjerder, og definere ansvar for gjennomføring. Det må utarbeidast framdriftsplan både for den einskilde kommune og for fellesprosjektet.

Hovudprosjektet vil ha ein gradvis overgang til drift i løpet av prosjektperioden.

### **Oppsummering**

#### **Konklusjon og tilråding**

Det synest å vera store gevinstar å hente ved eit formalisert samarbeid innan velferdsteknologi i Vest-Telemark, dette gjeld både i høve til organisasjonsutvikling og ressursbruk. Korleis dette samarbeidet skal organiserast og kva for avtaler som skal ligge til grunn, må avklarast i eit hovudprosjekt. Det er naudsynt at det blir sett av tilstrekkeleg med ressursar, slik at hovudprosjektet kan legge eit godt grunnlag for vidare implementering og drift av velferdsteknologi i Vest-Telemark. I hovudprosjektet må ansvaret til den einskilde kommunen koma tydeleg fram og koordinerast med framdrifta i fellesprosjektet.